



Djupehølen meiner mange er den beste fiskeplassen langs Uskedalselva.

Men denne sommaren har det vore langt mellom fangstmeldingane også frå denne hølen og det kjem kanskje ingen i dag heller.

Men bergensaren Pål Fredriksen gjer i alle fall det han kan. I dag har han sete der lenge utan å få fisk på flugestonga si. Han er åpenbart ein tålmodig mann.

- Men eg har sett fleire fiskar på 2-3 kilo her og gjev ikkje opp. Det er heller ikkje den beste tida på dagen, seier Pål og satsar på eit nytt kast i den mørke hølen.

Han ferierer på det han kallar 'landstedet' i Herøysund og dette er debuten hans langs Uskedalselva. Ein ekstra inspirasjon finn han i ein opplysning om at det er teke fisk på 2-3 kilo i elva for få dagar sidan.

Og kanskje kjem det meir regn?

(Foto: Ola Matti Mathisen)